Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8 | Fylke: Sör-Tröndelag.

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Oppdal

Emne: Bit og brom | Bygdelag: Driva dalen—Nordskogen

Oppskr. av: Ola J. Rise, | Gard: Rise—Nordsmjöa—Stubban

(adresse): Mjöen, Oppdal p.o. | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
77 år

SVAR

1.) Att det eg nimnest attover tida og til for eit tiår sia var det vanleg å nytte koist til foring åt nautkråter om vinteren. Namnet på dette bjørgsje(+) var brött, uttala med ø=ö-lyd. Det var björkekoist som var nytta til dette. Eg har ikkje höyrt noko forklåring av namnet brött, og er ikkje fagmann til å slå noko fast om det; men ein må tru at det kjem av å bryte den fine koistun av buskom, (som eg og har set ein gamal mann har gjort.) Det kan da vera så gamalt som frå fyri den tida ein kunne nytte lauvknivar.

2.) Berre sagt: åt skoga og högg brött eller hente heim ris og bröttbjörk. For å koma fram i skogen (i djup snö) utom köyrevegane i liom nytta ein vel gjerne vanlig skikjelke — utan serskilt namn for tilhövet. Eg har sjöl vore med på slik draging eingong.

9042

3.) Ein kunne og atte køyre heim hestelass med bjørk og hogge fin-kvistin av på garden. Bröttet var vel helst nytta utpå vinteren, når lauvet var oppfora.

4.) Reidskapen kallast lauvjörn, som kan ha ymse makslar, serleg disse to:  med krok til å töyge åt seg kvisten med, og .

5.) Som nemnt: nautkråter. Dei fekk det tildelt attpåatt etter ein mindre høyvåndåll.

6.) Hadde ein større kvanta samla kunne ein maka snö over, så dei ikkje turkast så snøgt. Sjeldan vart nauta slept bort i bröttstöa (som vanleg kallast betstöa) eller i tjörv-dungen. Men det hende at geit eller og sau fekk ut på gardtön og gnaga t.d. furubar og strangar.

7) Ukjend her.

9042

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING